

<http://www.israelsmisjonen.no/ressurser/materiell/prekenverksted>

2. søndag i openberringstida – 10. januar 2021

Preiketekst: Mark 1,3-11

Lesetekst I: Ef 1,7-12

Lesetekst II: 1 Mos 1,22-2,10

Jesus byrjar verksemda si

Preiketeksten for denne søndagen er pakka med innhald og kunne enkelt vore gjenstand for tre-fire bibeltimar. Ei viktig utfordring for den som skal preika er difor å velja ut kvar i teksten vekta skal leggjast.

Vegryddaren

Teksten byrjar med sitatet frå Jes 40 om vegen som skal ryddast for Herren. Det blir klart at døyparen Johannes er bodberaren Jesaja profeterer om. Vi får og ei skildring av kleda til døyparen, noko som vekker assosiasjonar til profeten Elia (2 Kong 1,8). Johannes er på mange måtar portvoktaren mellom den gamle og den nye tida. Difor er han på den eine sida den største fødd av kvinner, samstundes som den minste i Guds rike er større enn han (Matt 11,11). Den nye pakt er med andre uendeleg mykje større og betre enn den gamle. Sjølv den største i den gamle pakt blir liten i den nye.

Det kjem også fram i forkynninga til Johannes. Han Johannes ryddar veg for er så stor at Johannes ikkje ser seg sjølv som verdig til å vera slave for han ein gong. Ja, sjølv ei så nedverdige oppgåve som det å løysa sandalreima til Jesus er noko Johannes ikkje kjenner seg verdig til. Seinare skal Jesus sjølv stiga ned i denne slaverolla og vaska føtene til disiplane.

Johannesdåpen

Vi les at Johannes døypte med ein dåp til omvending og tilgjeving for synd. Det er litt av eit mandat han må ha fått. Om dåpen i seg sjølv gav tilgjeving eller om det var som frampeik på Jesu dåp han hadde denne verknaden, veit vi ikkje.

På Jesu tid var dåp ikkje uvanleg. I jødisk samanheng var det lang tradisjon for reinsing i vatn. Vidare hadde ein den såkalla «proselyttedåpen», ein dåp for ikkje-jødar som ville bli jødar og dyrka Herren etter jødisk skikk. Blant dei såkalla essearane i Qumran var det også vanleg med reinsing i vatn. I tillegg til at Johannes døypte, får vi og vita at Jesus, eller disiplane, døypte (Joh 4,1-2).

Då kyrkja vaks fram etter Jesu oppstode, les vi at Johannesdåpen ikkje blei akseptert som ein fullverdig kristen dåp. Dei som var døypte med Johannesdåpen blei døypte på nytt, «til Jesu namn» (Apg 19,5).

Jesu dåp

I denne teksten får vi ikkje utfalda så mykje om sjølve dåpshendinga. I parallellane hjå Matteus og Lukas les vi at Johannes nøler med å døypa Jesus. Han veit at Jesus ikkje treng å vedkjenna synd. Men Jesus blir døypt, og ei rimeleg tolking er at Jesus i dåpen tek på seg synda for alvor trer fram som «Guds lam som ber bort synda i verda» (Joh 1,29).

I denne teksten ligg vekta på at Anden kjem over Jesus og røysta frå himmelen som stadfestar Jesus som Guds son. I oldkyrkja fanst det ei teologisk og vranglærande retning som hevda at dåpen var hendinga der det ordinære mennesket Jesus frå Nasaret blei Jesus Guds son. Dette ble grundig avvist av kyrkja, som heldt fast at han heilt frå mors liv av var sann Gud og sant menneske.

For oss er det viktig å understreka at det er Gud som stadfestar Jesus som sin son og den han har glede i. I ei preike er dette eit godt ord å gje til den som strevar med tvil og uro om eiga frelse. Korleis kan eg vita at Jesus er nok? Jo, fordi Gud sjølv har stadfesta det og gitt sin lovnad. Det er ikkje noko Jesus tiltek seg av eiga makt, men noko Gud gir.

Uttrykksmåten «Du er Son min, som eg elsker» vekkjer også assosiasjonar tilbake til 1 Mos 22,1, der Isak blir kalla med liknande uttrykk. Parallellen mellom det som skjer på Moriafjellet og det som skjer med Jesus er med på å stadfesta oppdraget Jesus får.

Openberringstida

I kyrkjeåret er openberringstida noko undervurdert. For oss er jula høgdepunktet etter adventstida. Men frå gammalt av er openberringstida viktigare enn jul. Jul er «berre» eit steg på vegen. Det er først når Jesus står fram som den Messias Gud skulle senda at oppfyllinga av Guds løfter verkeleg tek form.

Knut Kåre Kirkholm

Høgskolelektor og undervisningsleder ved Fjellhaug Internasjonale Høgskole og redaktør av magasinet Fast Grunn.

kkirkholm@fjellhaug.no